



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 19.03.2026
Tid: Kl. 18.30 - 21.00
Ord for dagen: Anne Kristin Skår

Forfall må meldast til kyrkjevevja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

Innkallinga er sendt til:

Mette Elisabeth Lambach	Leiar
Svein Lunde	Nestleiar
Tom Rydland	Medlem
Anne Kristin Skår	Medlem
Håkon Rydland Sæbø	Medlem
Anne Marie Røed	Medlem
Lillianne Jæger Vestbøstad	Medlem
Kari Raunholm	Medlem
Eli-Johanne Rønnekleiv	Sokneprest
Gisle Levåg	Kommunal representant
Kopi til varamedlemene: Wenche A. Helland Karin Korsvik Nils Andreas Brekke Aase Nøttveit Arild Steinsland, vara for soknepresten Rune Helland, vara for kommunal representant	

Fitjar, 13. mars 2026

Mette Elisabeth Lambach
soknerådsleiar

Harald Rydland
kyrkjevevja

2026-03-19

Sakliste:

SAK	TITTEL	KOMMUNAL REPR.
2026/23	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2026/24	Godkjenning av referat frå møte den 19. februar 2026	X
2026/25	Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden	X
2026/26	Årsrekneskap for 2025	X
2026/27	Prosjekt på gravplassen, oppstartsvedtak	X
2026/28	Meldingar	X
2026/29	Open post	X
2026/30	Økonomisk støtte / underskotsgaranti for Temakveldgruppa	

Vedlegg

1. Årsrekneskap for Fitjar sokn 2025
2. Detaljrekneskap 2025, resultat
3. Lenke til forprosjekt for tiltak på gravplassen. Dokumentet er for stort til å sendast på e-post:

<https://cas5-0-urlprotect.trendmicro.com/wis/clicktime/v1/query?url=https%3a%2f%2fsmesviglandskap%2dmy.sharepoint.com%2f%3ab%3a%2fg%2fpersonal%2fjohanne%5fsmesvig%2dlandskap%5fno%2fIQCL04ORgN%2daTrjlwpUgFZvqAW7YFJ61A97JEIUoFOpc8Vw&umid=11a62847-dcd5-414f-a570-176487666d97&rct=1773311551&auth=bbe49a4156e6879b9a00c325716fd05486e85604-f5141f1e5363f7e95c641b5cb7af6520a001b25d>

Sak 2026/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

Sak 2026/24 Referat frå møte den 19. februar 2026

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møte den 19.02.2026.

Sak 2026/25 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden

På møtet vil vår nye sokneprest, Eli-Johanne Rønnekleiv snakke til soknerådet om det ho er oppteken av no i starten på tenesta si i Fitjar.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2026/26 Årsrekneskap for 2025

Årsrekneskapen for 2025 er no klar for å leggjast fram for soknerådet, for deretter å sendast til revisjonen.

Året 2025 er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 302.720. I dette resultatet ligg det at underskot på kr. 24.532 i avdeling for trusopplæring og kr. 34.804 i diakonitenesta alt er dekkja inn ved bruk av fond. Etter dette viser dei ulike avdelingane slikt resultat:

0410	Administrasjon	190.380	Overskot
0421	Kyrkja	-6.948	Underskot
0423	Trusopplæring	0	
0430	Gravplassen	20.609	Overskot
0440	Anna kyrkjeleg verksemd	89.472	Overskot
0441	Ungdomsarbeid	18.737	Overskot
0442	Kyrkjeblad	-9.530	Underskot
0443	Diakoni	0	
	Sum	302.720	

Disponeringa av overskotet kan venta til revisjonen har sett gjennom rekneskapen. Overskotet bør då disponerast til dei ulike fonda som er oppretta for at pengane som kjem frå kommunen og andre inntektskjelder vert plassert der dei høyrer heime. Dersom det ikkje vert endringar, kan disponeringa komma til å sjå slik ut:

Fond	Årsoppgjer 2024	Avsett/brukt i 2025	31.12.2025
Disposisjonsfond (kommunal finansiering)	508.484	204.041	712.525
Anna kyrkjeleg verksemd	637.421	79.942	717.363
Ungdomsarbeid	217.328	18.737	236.065
Sum avsett		302.720	
Diakoni (ført i rekneskapen)	72.398	- 34.804	37.594
Sum disposisjonsfond			1.703.547

Meir informasjon om rekneskapen er å finna i dei vedlagde dokumenta.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet sluttar seg til årsrekneskapen slik den ligg føre.
2. Disponering av årsoverskotet skal leggjast fram som sak for soknerådet etter at revisjonen er gjennomført.

Sak 2026/27 Prosjekt på gravplassen, oppstartsvedtak

Soknerådet har i tidlegare møte avgjort at det skal etablerast namna minnelund og eit felt med retningsbestemte graver på Fitjar kyrkjegard. Vedtaka som soknerådet har gjort gjeld plassering av dei ulike felta, og at det er sett av pengar til prosjektet i investeringsbudsjettet.

På grunnlag av det som soknerådet alt har vedteke, har kyrkjeverja fått utarbeidd eit forprosjekt i samarbeid med den lokale referansegruppa og Smedsvik Landskap AS. Forprosjektet viser korleis dei to ulike felta skal utformast.

Proessen vidare vert at forprosjektet vert sendt til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for godkjenning. På same tid vil det verta planlagt korleis det praktiske arbeidet skal gjennomførast. Dersom det går som me håpar, vil arbeidet i felt starta på seinsommaren og vera ferdig før årsskiftet.

I dette prosjektet ser me ikkje behov for å lysa ut ein totalentreprise. Sidan tiltaka ikkje har behov for tungt utstyr til anleggsarbeida, vil me heller bruka eigne maskinar, reiskapar og personell så langt det let seg. På dei delene av arbeidet som treng at fleire personar tek del i arbeidet vil me leiga inn hjelp etter behov. Slik vil det og vera når me treng spesiell fagkompetanse som anleggsgartnar og liknande. Arbeidet vil uansett verta gjennomført i tråd med krav og gode arbeidsteikningar som er utarbeida av landskapsarkitekten.

Inngåande informasjon er å finna rapporten og forprosjektet. Rapporten er eit tungt dokument som ikkje let seg senda på e-post. Difor ligg det ei lenke i innkallinga der det er råd å gå inn for å lesa rapporten.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet sluttar seg til forprosjektet om å etablera namna minnelund og felt for retningsbestemte graver på Fitjar kyrkjegard.
2. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjennomføra prosjektet i tråd med det som kjem fram i rapporten og budsjettramma som tidlegare er godkjent av soknerådet og kommunestyret.
3. Soknerådet ber om at det vert orientert om status og framdrift på arbeidet på soknerådsmøta framover.

Sak 2026/28 Meldingar

På møtet vil det bli orientert om desse sakene:

- a) Lyd på temakveldane og andre arrangement (Harald)
- b) Stiftsdagane 2026 (Eli-Johanne og Harald)
- c) Samlingar som soknerådsleiaren har delteke på (Mette)
- d) Leikekroken i kyrkja (Mette)
- e) Komite for Fitjarhelg på Solgry til hausten (Mette)

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til vitande

Sak 2026/29 Open post

Framlegg til vedtak:

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka

Sak 2026/30 Økonomisk støtte / underskotsgaranti for Temakveldgruppa

På sist møte hadde soknerådet oppe ei sak om å gje driftsstøtte og underskotsgaranti til Temakveldgruppa. Før møtet fekk soknerådet fylldig dokumentasjon på den økonomiske stoda og kva planar gruppa har lagt for tida som kjem. Desse dokumenta vert ikkje send på nytt saman med denne innkallinga.

Etter å drøfta saka avgjorde soknerådet å gje kr. 20.000 i årleg driftsstøtte til Temakveldgruppa. Den delen av saka som gjeld underskotsgaranti drøfta soknerådet utan å komma fram til vedtak. Soknerådet ynskte å få med representantar frå Temakveldgruppa på neste møte for å få meir kunnskap om arbeidet som gruppa driv.

På dette møtet skal rådet difor ta stilling til om det skal gjevast underskotsgaranti for arrangement, og på kva vilkår ein slik garanti kan gjevast.

Vedtaket på sist møte kan gje rom for tolking, slik det vart utforma. Det står i vedtaket at det skal gjevast eit årleg tilskot på kr. 20.000, men ikkje noko om kor mange år framover soknerådet ser for seg å gje slikt tilskot. Dette vart drøfta på AU-møte der dette soknerådsmøte vart planlagt. AU meiner at det trengs ei nærare presisering av det førre vedtaket.

Finanseringa av driftstilskot og underskotsgaranti må hentast frå det årlege driftsbudsjettet eller fondet som er etablert for anna kyrkjeleg verksemd.

Framlegg til vedtak:

1. Soknerådet vil presisera at vedtaket om det årlege driftstilskotet på kr. 20.000 gjeld for året 2026 og _____ år framover eller inntil vidare (føy til og stryk det som ikkje passar)
2. Etter søknad frå Temakveldgruppa kan soknerådet gje underskotsgaranti for einskildarrangement.
3. Desse vilkåra vert stilt for søknad om underskotsgaranti:
 - a. _____
 - b. _____
 - c. _____
 - d. _____
 - e. _____